



Daniel Tennefoss Lerum
Elvavegen 51
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3322 - 21/24505

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
13.04.2021

Svar på spørsmål om alvorlegheit i mogleg byggefeil - GBNR 323/612 Frekhaug

Tiltak: Bolig
Byggjestad: Gbnr: 323/612

Kommunen viser til din melding om mogleg byggefeil mottatt 08.04.21, der du ber oss om ein rask avklaring på «alvorligheten» på moglege byggefeil.

Vår vurdering av saken

Kommunen opprettar ikkje ein tilsynssak om forholda du melder om. Vi har ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere alle byggetekniske løysningar som brukast i bygg.

Vidare er vi varsame med å blande oss inn i faglege vurderingar gjort av fagfolk. Det fremgår av plan- og bygningsloven § 21-4 at

«Kommunen skal i saksbehandlingen legge til grunn tiltakshavers eller det ansvarlige foretakets opplysninger om at tiltaket oppfyller tekniske krav».

Selv om bestemmelsen i hovudsak rettar seg mot handsaming av byggesøknadar, så gir den også føringar for kommunale tilsyn. Kommunen sitt ikkje med den inngåande tekniske kunnskapen om bygg, og det skal mykje til før kommunen sett ein vurdering gjort avansvarlege foretak til sides.

Kommunens praksis er at vi ønskjar å vere tilbakehaldne med å gjennomføre tilsyn utelukkande pga tekniske forhold. Det er ikkje uvanleg at det oppdagast feil og manglar ved husbygging, og normal praksis er at dette løysast gjennom privatrettslegeavtalar og forhold.

Konklusjonen om å ikkje opprette ein tilsynssak må verken tolkast som om kommunen ikkje har funne feil ved bygningen, eller at vi har funne feil ved bygningen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Daniel Tennefoss Lerum

Elvavegen 51

5918 FREKHAUG